

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Vår dato
28.03.2019

Uttale til høyring for ny forskrift om kommunale rådsorgan

Ungdomsrådet i Fusa gjorde slikt vedtak i sak 015/19 den 25.03.2019:

Fusa ungdomsråd meiner departementet i sitt forslag til forskrift legg opp til ei for streng tolking av § 5-12 i Kommunelova. Vi meiner det blir feil å redusera ungdomsråda til berre å vera rådgjevande organ.

Det er viktig at ungdomsråda får tillit i saker som gjeld barn og ungdom spesielt. For å oppretthalda eit engasjement og eit aktivt ungdomsråd må ein, ha høve til både å gje råd til andre, og fremja eigne saker med vedtaksrett.

Om det er ønskjeleg lokalt og delegert frå kommunestyret etter § 5-3 i Kommunelova, må eit råd både kunne ha ansvar for økonomi og gjera sjølvstendige vedtak.

Helsing

Erik Vangsnes
kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.